STORTINGET

# Innst. 96 S

**(2024–2025)**

Innstilling til Stortinget
frå kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 14 S (2024–2025)

---

**Innstilling frå kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringar i statsbudsjettet 2024 under Kommunal- og distriktsdepartementet**

Til Stortinget

## Samandrag

Kommunal- og distriktsdepartementet legg i proposisjonen fram forslag til endringar i statsbudsjettet for 2024.

Departementet føreslår endringar i kapitla kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 553 Regional- og distriktsutvikling, kap. 554 Kompetansesenter for distriktsutvikling, kap. 563 Internasjonalt reindriftssenter, kap. 571 Rammetilskot til kommunar, jf. forslag til romartalsvedtak, kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar, kap. 575 Ressurskrevjande tenester, kap. 577 Tilskot til dei politiske parti, kap. 578 Valdirektoratet, kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak, kap. 585 Husleigetvistutvalet, kap. 587 Direktoratet for byggkvalitet, kap 595 Statens kartverk og kap. 3595 Statens kartverk, kap. 2412 Husbanken og kap. 5312 Husbanken, kap. 5615 Husbanken og kap. 5635 Electronic Chart Centre AS.

Det blir vist til omtale i proposisjonen av dei nemnde forslaga.

Dokumenta i saka er tilgjengelege på sakssida på stortinget.no.

## Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Lise Christoffersen, Siri Gåsemyr Staalesen, Terje Sørvik og leiaren Lene Vågslid, frå Høgre, Mudassar Kapur og Anne Kristine Linnestad, frå Senterpartiet, Heidi Greni og Kathrine Kleveland, frå Framstegspartiet, Per-Willy Amundsen og Bjørnar Laabak, frå Sosialistisk Venstreparti, Birgit Oline Kjerstad, og frå Raudt, Tobias Drevland Lund, viser til proposisjonen.

### Kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet

#### Post 1

Komiteen vil vise til at løyvinga blir foreslått auka med 5,9 mill. kroner som følgje av anslag på verknaden av lønnsoppgjeret for 2024. Komiteen viser til omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

### Kap. 553 Regional- og distriktsutvikling

Komiteen viser til omtale i Prop. 14 S (2024–2025).

### Kap. 554 Kompetansesenter for distriktsutvikling

Komiteen viser til omtale i Prop. 14 S (2024–2025).

## Kap. 563 Internasjonalt reindriftssenter

Komiteen viser til omtale i Prop. 14 S (2024–2025).

## Kap. 571 Rammetilskot til kommunar

### Post 60 Innbyggartilskot

#### Styrking av kommuneøkonomien

Komiteen vil vise til at då forslaget til statsbudsjett vart lagt fram, varsla regjeringa at ein om kort tid ville kome attende til handteringa av den krevjande situasjonen i kommuneøkonomien i inneverande år. Komiteen viser til at det i Prop. 14 S (2024–2025) blir foreslått ei tilleggsløyving på 4,3 mrd. kroner i 2024 til kommunane, og 700 mill. kroner til fylkeskommunane, sjå sistnemnde omtalt under kap. 572. Komiteen viser til at dette til saman utgjer ei styrking av kommunar og fylkeskommunar i 2024 med 5 mrd. kroner. Komiteen viser til at fordelinga blir gjeven med eit likt beløp per innbyggar, og viser til Prop. 1 S (2024–2025) Tillegg 1 for nærare omtale.

#### Vaksinasjon mot covid-19

Komiteen vil vise til at det blir foreslått å løyve 191,4 mill. kroner til vaksinasjon mot covid-19 i kommunane i proposisjonen. Komiteen vil vidare vise til at løyvinga skal dekke kommunane sine kostnader til oppfriskingsdose til befolkninga 65 år og eldre og til risikogrupper. Midlane blir foreslått flytta frå kap. 710 post 23 på Helse- omsorgsdepartementet sitt budsjett. Komiteen viser til at det samla blir foreslått å auke løyvinga med 4 491,4 mill. kroner.

Komiteens medlem fra Rødt viser til at Kommune-Norge har slått alarm. Over hele landet legger kommuner ned eller sentraliserer skoler og barnehager samt kutter i velferdstilbudet til folk. Dette medlem vil sikre at alle skal kunne leve gode liv, uansett hvor mye man har på konto eller hvilket postnummer man har.

Dette medlem viser til at regjeringa nylig bevilget 5 mrd. kroner ekstra til kommunesektoren i 2025, og at det foreslås bevilget 5 mrd. kroner ekstra i nysaldert budsjett for 2024. Disse ekstrabevilgningene stanser noen av kuttene som er planlagt, men er etter dette medlems mening langt fra nok. Dette medlem foreslår derfor å doble den foreslåtte tilleggsbevilgningen på budsjettet for inneværende år, fordelt med ytterligere 4,3 mrd. kroner til kommunene og 700 mill. kroner til fylkeskommunene, ut over regjeringas foreslåtte økning.

Dette medlem fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«I statsbudsjettet for 2024 gjøres følgende endringer:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 571 | | Rammetilskudd til kommuner | |
| | 60 | Innbyggertilskudd, økes med | 8 791 400 000 |
| | | fra kr 170 591 756 000 til kr 179 383 156 000» | |

Dette medlem viser til at samtidig som alt er blitt dyrere og flere enn før trenger sosialhjelp, så er det flere steder foreslått å kutte i sosialhjelp for å spare penger. Rødt tenker motsatt: Samfunnet må bruke pengene der de trengs aller mest.

Dette medlem viser til saldert budsjett for 2022, der et samlet storting med unntak av Fremskrittspartiet og Venstre stemte for å bevilge 100 mill. kroner ekstra til kommunene for å kunne gi 1 000 kroner ekstra til mottakere av sosialhjelp og 1 000 kroner ekstra per barn til de som har mottatt, eller som kommer til å motta, sosialhjelp i desember. Dette medlem understreker at en slik ekstrautbetaling ikke må føre til avkorting av andre ytelser som mottakerne ellers får, og viser til at departementet dagen etter vedtaket i 2022 sendte ut et brev til landets kommuner med oppfordring om å utbetale pengene så raskt som mulig og uten avkorting av andre ytelser.

Dette medlem mener behovet for en slik ekstrastøtte i desember er minst like stor som den gang, og viser til at Rødts forslag om økt bevilgning til kommunene gir et stort handlingsrom for å gjennomføre en slik ekstrautbetaling også i år.

Dette medlem fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen ta initiativ til at kommunene så raskt som mulig sørger for å utbetale et engangsbeløp på 1 000 kroner ekstra og 1 000 kroner ekstra per barn til de som har mottatt eller kommer til å motta sosialhjelp i desember.»

### Post 64

Komiteen viser til omtale i Prop. 14 S (2024–2025).

## Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar

Komiteen vil vise til at det blir foreslått å auke løyvinga til fylkeskommunane med 700 mill. kroner i 2024, jf. omtale under kapittel og post i proposisjonen.

Komiteens medlem fra Rødt viser til egen merknad under punkt 2.5.1 i innstillingen her og fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«I statsbudsjettet for 2024 gjøres følgende endringer:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 572 | | Rammetilskudd til fylkeskommuner | |
| | 60 | Innbyggertilskudd, økes med | 1 400 000 000 |
| | | fra kr 48 041 308 000 til kr 49 441 308 000» | |

## Kap. 575 Ressurskrevjande tenester

Komiteen viser til omtale i Prop. 14 S (2024–2025).

## Kap. 577 Tilskot til dei politiske parti

Komiteen viser til omtale i Prop. 14 S (2024–2025).

## Kap. 578 Valdirektoratet

Komiteen viser til omtale i Prop. 14 S (2024–2025).

## Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak

Komiteen viser til omtale i Prop. 14 S (2024–2025).

## Kap. 585 Husleigetvistutvalet

Komiteen viser til omtale i Prop. 14 S (2024–2025).

## Kap. 587 Direktoratet for byggkvalitet

Komiteen viser til omtale i Prop. 14 S (2024–2025).

## Kap. 595 Statens kartverk

Komiteen viser til omtale i Prop. 14 S (2024–2025).

## Kap. 3595 Statens kartverk

Komiteen viser til omtale i Prop. 14 S (2024–2025).

## Kap. 2412 Husbanken

Komiteen viser til omtale i Prop. 14 S (2024–2025).

## Kap. 5312 Husbanken

Komiteen viser til omtale i Prop. 14 S (2024–2025).

## Kap. 5615 Husbanken

Komiteen viser til omtale i Prop. 14 S (2024–2025)

## Kap. 5635 Electronic Chart Centre AS

Komiteen viser til omtale i Prop. 14 S (2024–2025).

# Forslag frå mindretal

**Forslag frå Raudt:**

*Forslag 1*

I statsbudsjettet for 2024 gjøres følgende endringer:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 571 | | Rammetilskudd til kommuner | |
| | 60 | Innbyggertilskudd, økes med | 8 791 400 000 |
| | | fra kr 170 591 756 000 til kr 179 383 156 000 | |

*Forslag 2*

I statsbudsjettet for 2024 gjøres følgende endringer:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 572 | | Rammetilskudd til fylkeskommuner | |
| | 60 | Innbyggertilskudd, økes med ........................................ | 1 400 000 000 |
| | | fra kr 48 041 308 000 til kr 49 441 308 000 | |

*Forslag 3*

Stortinget ber regjeringen ta initiativ til at kommunene så raskt som mulig sørger for å utbetale et engangsbeløp på 1 000 kroner ekstra og 1 000 kroner ekstra per barn til de som har mottatt eller kommer til å motta sosialhjelp i desember.

# Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen blir fremja av ein samla komité, unnateke tilrådinga til kap. 571 post 60 og kap. 572 post 60, som blir fremja av medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet, Framstegspartiet og Sosialistisk Venstreparti.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgande

vedtak:

I

I statsbudsjettet 2024 blir det gjort følgande endringar:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| | | Utgifter | |
| 500 | | Kommunal- og distriktsdepartementet | |
| | 1 | Driftsutgifter, blir auka med ........................................ | 5 926 000 |
| | | frå kr 296 275 000 til kr 302 201 000 | |
| 553 | | Regional- og distriktsutvikling | |
| | 67 | Utviklingstiltak i Andøy kommune, blir auka med . | 150 000 000 |
| | | frå kr 20 000 000 til kr 170 000 000 | |
| 554 | | Kompetansesenter for distriktsutvikling | |
| | 1 | Driftsutgifter, blir auka med ........................................ | 704 000 |
| | | frå kr 35 599 000 til kr 36 303 000 | |
| 563 | | Internasjonalt reindriftssenter | |
| | 1 | Driftsutgifter, blir auka med ........................................ | 127 000 |
| | | frå kr 6 613 000 til kr 6 740 000 | |
| 571 | | Rammetilskot til kommunar | |
| | 60 | Innbyggartilskot, blir auka med ................................ | 4 491 400 000 |
| | | frå kr 170 591 756 000 til kr 175 083 156 000 | |
| 572 | | Rammetilskot til fylkeskommunar | |
| | 60 | Innbyggartilskot, blir auka med ................................ | 700 000 000 |
| | | frå kr 48 041 308 000 til kr 48 741 308 000 | |
| 575 | | Ressurskrevjande tenester | |
| | 60 | Toppfinansieringsordning, *overslagsløyving*, blir auka med | 521 006 000 |
| | | frå kr 12 983 505 000 til kr 13 504 511 000 | |
| 577 | | Tilskot til dei politiske parti | |
| | 1 | Driftsutgifter, blir redusert med ............................... | 2 000 000 |
| | | frå kr 7 891 000 til kr 5 891 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 578 | | Valdirektoratet | |
| | 1 | Driftsutgifter, blir auka med | 2 955 000 |
| | | frå kr 61 265 000 til kr 64 220 000 | |
| 581 | | Bustad- og bumiljøtiltak | |
| | 70 | Bustøtte, *overslagsløyving*, blir auka med | 64 754 000 |
| | | frå kr 4 329 246 000 til kr 4 394 000 000 | |
| 585 | | Husleigetvistutvalet | |
| | 1 | Driftsutgifter, blir auka med | 813 000 |
| | | frå kr 40 150 000 til kr 40 963 000 | |
| 587 | | Direktoratet for byggkvalitet | |
| | 1 | Driftsutgifter, blir auka med | 2 470 000 |
| | | frå kr 126 248 000 til kr 128 718 000 | |
| 595 | | Statens kartverk | |
| | 1 | Driftsutgifter, *kan nyttast under post 21 og 45*, blir auka med | 88 558 000 |
| | | frå kr 971 376 000 til kr 1 059 934 000 | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under post 1 og 45*, blir redusert med | 8 826 000 |
| | | frå kr 368 562 000 til kr 359 736 000 | |
| 2412 | | Husbanken | |
| | 1 | Driftsutgifter, blir auka med | 12 584 000 |
| | | frå kr 384 178 000 til kr 396 762 000 | |
| | 90 | Nye lån, *overslagsløyving*, blir redusert med | 1 079 000 000 |
| | | frå kr 25 525 000 000 til kr 24 446 000 000 | |
| | | Inntekter | |
| 3595 | | Statens kartverk | |
| | 2 | Sal og abonnement m.m., blir auka med | 24 508 000 |
| | | frå kr 157 360 000 til kr 181 868 000 | |
| | 3 | Samfinansiering, blir auka med | 39 826 000 |
| | | frå kr 204 439 000 til kr 244 265 000 | |
| 5312 | | Husbanken | |
| | 90 | Avdrag, blir redusert med | 1 158 000 000 |
| | | frå kr 14 160 000 000 til kr 13 002 000 000 | |
| 5615 | | Husbanken | |
| | 80 | Renter, blir auka med | 109 000 000 |
| | | frå kr 7 009 000 000 til kr 7 118 000 000 | |
| 5635 | | Electronic Chart Centre AS | |
| | 85 | Utbytte, blir redusert med | 611 000 |
| | | frå kr 3 000 000 til kr 2 389 000 | |

II

*Stikkordsfullmakt*

Stortinget samtykkjer i at Kommunal- og distriktsdepartementet kan føye til stikkordet «kan overførast» til kap. 571, post 64 Skjønstilskot.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 10. desember 2024

**Lene Vågslid**

leiar og ordførar

Svanemerketrykksak, 2041 0654 Trykk og layout: Stortingets administrasjon